

- Lettare å få folk til å engasjera seg

04.08.2009



Ein av frivillige-gjengane under Festidalen. (Foto: Kvinnheringen)

**Med ein slik enorm suksess som Festidalen vart i år, kan det kanskje bli litt lettare å få fleire til å engasjare seg, seier festivalsjef Sveinung M. Pile til innsida.no**

- Det er for få av oss som bygger festival heile året og med fokuset på å få alt til å koma på plass til konsertane, er det noko som blir litt nedprioritert, seier Pile.  
Han peikar på at det er 12 med og ryddar medan journalisten er der, medan det minst kunne ha vore dobbelt så mange.

Om resultatet seier han at dei ikkje har talt opp enno, men at det etter alle solemerker å dømma ser ut til å ha gått veldig bra.

Pile har vanskeleg for å tru at det blir ein ny pause neste år slik det var i 2008.

Av Ola Matti Mathisen